



Trio frå arrangørklubben på veg mot mål:Deimante, Malena og Linea

- Kjenn så godt det luktar, sa ei mor på Heio under Spar-cup i dag og sikta til den herlege lukta av betasuppe som mange fanga opp. Og årets fotballturnering for klassane 2005,2006,2007,2008 og 2009 var verkeleg ein spennande kombinasjon av sunn mat og frisk sport. Matgruppa skaut blink med ein enkel, men velsmakande meny og lovorda var mange frå foreldre som slapp å haste heim og sette på potetar i ein fei.

No åt dei sunn mat på idrottsplassen medan dei såg den neste generasjon utfalda seg i sunn sport. Førebels veit ein ikkje korleis rekneskapen vart, men vi tippar at han har eit positivt forteikn...I alle fall var dette ei viktig sosial hending som bør gjentakast.



[Sunn mat vart ein suksess](#)

Som tradisjonen seier var cupen også i år ei heftig blanding av sol og regn, men det var ingen sure minar å sjå av den grunn. Som ellers var det rundt regna 80 kampar på på programmet og laga kom frå heile kommunen. Rosendal imponerte med å stilla 14 lag medan arrangøren hadde 6 og så var det ei rekkje Trio-variantar, Herøysund, Halsnøy og Strandulv for ikkje å gløyma Ternen. Foreldra var med i eit svært stort tal denne gongen - kanskje hadde dei høyrte om den gode maten?



Stig Sjo Kårstad pakkar inn wrapen

Stemningen var høg frå ende til annan og UIL feira ein ny triumf som vellukka arrangør.

Forresten bør ikkje berre Spar nemnast som sponsor. Det bør og Lerøy som stilte med laksewrap. Den har herrene Hansen og Sjo Kårstad all ære av. TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen